



Norsk studentorganisasjon

RESOLUSJON: STØTTE TIL STUDENTAR OG ANDRE AKTIVISTAR I NICARAGUA

Vedteke av sentralstyret 26. oktober 2018.

Ytringsfridom, organisasjonsfridom og retten til å demonstrere er grunnleggjande rettar. I Nicaragua har desse rettane blitt innskrenka i etterkant av demonstrasjonar mot myndigheitene. Politiske protestar har blitt møtt med vald frå politiet og andre grupper.

I fleire tilfelle opp gjennom historia har sosiale opprør starta med studentane. Dersom myndigheiter får hindre studentar i å demonstrere utan at me tek til motmæle risikerer me at færre tør å stå opp mot urettferd og politisk maktmisbruk. Staten må ha myndigheit til å oppretthalde sivil ro, men det gir ikkje uavgrensa makt til å slå ned på demonstrasjonar.

I Nicaragua har mange studentar blitt arrestert og dømt til lange fengselsstraffar etter å ha demonstrert. Den praksisen me ser i Nicaragua i dag, der studentar blir stempla som terroristar og straffeforfølgde fordi dei demonstrerer for unge sine rettigheitar, er uakseptabel.

NSO meiner at

- norske myndigheiter må arbeide for at nicaraguanske myndigheiter stoppar vald og undertrykking retta mot fredelege demonstrantar, og at demokrati og menneskerettane blir respektert.
- studentar og andre sivile som har blitt fengsla på grunn av fredeleg deltaking i demonstrasjonar må setjast fri umiddelbart.
- Nicaragua må respektere dei juridiske rettane til alle politiske fangar, uavhengig av kva dei er skulda for.
- nicaraguanske myndigheiter kan ikkje arrestere, kriminalisere og straffeforfølgje studentar og andre sivile på grunn av at dei nyttar organisasjonsfridommen og ytringsfridommen sin.

Om NSO:

Norsk studentorganisasjon (NSO) er en nasjonal interesseorganisasjon for 31 ulike studentdemokrati ved norske universiteter og høyskoler. Studentdemokratiene representerer om lag 230 000 studenter. NSO har til oppgave å ivareta og fremme studentenes interesser og rettigheter, fremme engasjement for nasjonale og internasjonale utdanningssaker blant studentene. Mer informasjon om organisasjonen finner du på www.student.no